



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/23	Formannskapet	01.06.2023

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 23/13 - 21
--------------------------------	--------	-----------------------------

### Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort i Lærdal 2023-25

#### Kort samandrag:

Lærdal bestandsplanområde for hjort søker om ny bestandsplan for perioden 2023-2025. Hovudmålet for planperioden er å redusera bestanden noko i høve dagens situasjon.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16, godkjenner Lærdal kommune omsøkt bestandsplan for hjort for perioden 2023-2025.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova.

#### 01.06.2023 Formannskapet

Endringsframlegg , foreslått av Kathrine Mari Njåstad Blaaflat, Høgre  
Den siste setninga vert teken vekk i vedtaket.

#### Handsaming i møtet

##### Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren med endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### FS - 055/23 Vedtak

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16, godkjenner Lærdal kommune omsøkt bestandsplan for hjort for perioden 2023-2025.

## **Vedlegg:**

Bestandsplan Lærdal 2023-2025\_endeleg

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

### **Saksutgreiing**

Skrantesjuka (CWD) vart oppdaga på villrein i 2016. Etter dette har forvaltninga av hjortevilt kring områda med påvist sjukdom vore fokusert på handsaming av denne sjukdommen.

Miljødirektoratet/Mattilsynet har bedt alle kommunar kring Nordfjella og Hardangervidda om å redusera sine bestandar av hjortevilt for å redusera sjansen for smittespreiing. Lærdal kommune og jaktrettshavarane i området har sida 2017 jobba for å ta ned bestanden av hjort og elg. Sentrale styresmakter ber om at bestandstettleiken kring Nordfjella er låg under heile brakkleggingsperioden.

I Lærdal er de aller fleste valda medlem i «Lærdal bestandsplanområde for hjort». Sjølve forvaltingsområdet er definert likt med Lærdal kommune sin grenser. Styret i bestandsplanområdet lager bestandsplanar som skal godkjennast av kommunen. Førre bestandsplanperiode var 2020-22. Ny bestandsplan for perioden 2023-25 skal handsamast i denne saka, og vil liggja til grunn for tildelingar og konkrete mål om felling og fellingsfordeling i åra som kjem.

### **Økonomiske konsekvensar**

-

### **Vurdering**

Kommunen skal vurdera ein bestandsplan opp i mot sine egne overordna mål. Omsynet til handsaming av skrantensjuka vil vera det viktigaste og mest premissleverande endå ei tid.

Lærdal kommune handsama ei sak om kommunalt mål for perioden 2023-25 i FS 025/23.

Vedtaket vart påklaga og saka skal ha ny handsaming i Formannskapet 1. juni 2023 (same møte som denne saka). Under forutsetning av at vedtaket vert gyldig, har Lærdal kommune dette målet for dei neste åra:

«Sentrale styresmakter oppmodar kommunane kring område med klassisk skrantensjuka til å redusera bestandane av hjort og elg som tiltak mot spreiing av sjukdommen. Lærdal kommune har for perioden 2023-25 mål om høge fellingsstal og vidare bestandsreduksjon. Aktuelle verkemiddel for dette skal identifiserast saman med Lærdal bestandsplanområde for hjort.»

Lærdal bestandsplanområde for hjort har utarbeidd bestandsplan for perioden 2023-25.

Hovudmålet i planen er å jobba for at det skal vera ein produktiv og robust bestand av hjort i

Lærdal, men at denne skal reduserast noko meir i planperioden – av omsyn til skrantesjuka. Planen har også delmål om å betre kjønnsbalansen, auka snittalderen, auke slaktevektene og å auke produktiviteten.

Måla er tenkt nådd ved at det skal fellast 550 hjort i 2023, 450 hjort i 2024 og 350 hjort i 2025. Det skal vera ein overvekt av hodyr i fellingane. Planen omtalar kor mange løyve som er naudsynt for å nå dette fellingsmålet. I tillegg har årsmøtet til Lærdal bestandsplanområde sagt at dei ønskjer fri kvote på hjortekalv. Dette har Lærdal kommune søkt Miljødirektoratet om for jaktåret 2023/24.

Saka skal vurderast etter *Naturmangfoldlova (NML) §§ 8-12*.

Statens strategi og tilnærming til problematikken kring skrantesjuka er utarbeidd gjennom fleire rapportar frå Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM). Lærdal kommune legg til grunn at dette er tilstrekkeleg fagleg grunngjeve, sjølv om det er mange hull i kunnskapen. Låg bestandstettleik av hjort og elg kring områda med påvist klassisk skrantesjuka er eit av mange tiltak for å redusera sannsynet for smittespreiing. Det er vanskeleg å ha detaljert oversikt over storleiken og endring av bestandar av ville dyr. Vårteljingane og sett-hjort-registreringane syner ikkje eintydig utvikling, men det er likevel nokså brei semje om at bestanden i Lærdal er redusert. I ei så viktig sak som førebyggjing av smitte av ein prionsjukdom, er det naturleg å nytta føre-var-prinsippet. Altså heller gjera for mykje, enn for lite når det kjem til førebyggjing. Vidare reduksjon av hjortestamma i Lærdal verker såleis som ei fornuftig tilnærming.

Omsøkt bestandsplan har i hovudsak same uttalte hovudmål som Lærdal kommune. Om ein legg til grunn at bestanden av hjort er redusert i Lærdal, vil ei felling av 550 hjort i 2023/24 bidra til ytterlegare reduksjon. Kor vidt tilgjengelege verkemiddel faktisk vil bidra til at dette fellingsmålet vert nådd, vurderer kommunedirektøren som usikkert. Måloppnåing og vurdering av aktuelle verkemiddel lyt difor vurderast etter kvart jaktår. Om ikkje målet om felling/reduksjon vert nådd, lyt verkemiddelbruken reviderast. .

Kommunedirektøren tilrår at omsøkt bestandsplan for hjort i perioden 2023-25 vert godkjent, og at planen vert lagt til grunn for tildeling av fellingsløyve på hjort i perioden.